

Malin, Ragnheiður og Theodor fekk skryt for god kunnskap om trafikken

Tysdag var det trafikktryggleik som stod i fokus på Selje skule. Då var nemleg ekteparet i teatergruppa «Laffen og Kikka», Christel Aas og Leif Fjelldal, på besøk på Selje skule med oppsettinga «Ville vegar og vrangle skilt».



Malin Wold, Ragnheiður Freyja Finnsdottir og Theodor Silden fekk ein litt annleis skuledag i Selje på måndag. Her saman med Christel Aas og Leif Fjelldal i teatergruppa «Laffen og Kika». **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**

[Bjørn Erik Drabløs](#)

Temaet i førestillinga er trafikktryggleik for barn og er eit samarbeid mellom 0-visjonen og Trygg Trafikk i Agder.

– Eg lærte litt. Men eg kunne meir enn «Laffen», seier Malin Wold rett etter at musikkteateret var over.

I rolla som «Laffen» finn ein Leif Fjelldal. Personen han spelar er ikkje heilt oppdatert på verken trafikkreglar eller skilt, og i showet hamnar den fryktlause figuren i fleire farlege situasjonar.

– Eg spelar den tøysete figuren og Christel, kona mi, spelar «Kikka» som er den fornuftige av oss, seier Fjelldal til Fjordenes Tidende.



«Laffen» fekk grei beskjed av ungane om at også vaksne skal bruke hjelp når ein sykklar. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**

I oppsettinga fekk ungane sjå fleire av desse farlege situasjonane. «Kikka» sin jobb var derfor å rettleie «Laffen» med god hjelp frå ungane i salen.

– Så flinke de har vore! De kunne jo kjempemasse om trafikkreglane, sa Christel Aas etter showet.



«Kikka» heldt dialogen med ungane som gav ho hjelp til å overtale «Laffen» til å gjere dei riktige tinga. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**



Mot slutten av showet fekk desse ungene vere med på «busstur» der temaet var bruk av setebelte og at ein ikkje må stå i seta og forstyrre sjåføren. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**

Fekk delta sjølv

Engasjementet var nemleg stort blant borna, som ved fleire høve ropte ut i fortvilning kva gang «Laffen» prøvde seg på ulike ulovlegheiter i trafikken på den medbragte vegen som dei hadde rulla ut framfor ungene.



Det var mange hender i vêret kvar gang det kom spørsmål frå «Kikka» om kva som var rett når det kjem til trafikkreglar. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**

Fleire fekk derfor kome fram på scena for å vise og forklare korleis ein eigentleg skal oppføre seg når det kjem til fotgjengarfelt, trafikklys, bruk av refleks og andre ting som heng saman med det å vere trygg i trafikken.



Monja Otnes var ein av ungane som fekk kome fram for å forklare korleis ein skal opptre i trafikken. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**

– Det er eit utruleg givande arbeid, elles så hadde vi ikkje gjort det, seier Fjelldal.

– Når vi starta dette tilbake i 1997 så var det fordi vi sjølv hadde barn i denne alderen og som hadde ein farleg skuleveg. Så det er eit meningsfullt arbeid vi har som bakteppe, forklarar Fjelldal.

Er ei «gåve» til Stad kommune

Saman med kona har han turnert over heile landet med oppsettinga i mange år. Denne veka er det altså Stad kommune som får besøk av duoen.

– Først var vi på Stadlandet før vi no er i Selje. I morgon skal vi til Haugen skule, Torsdag til Nordfjordeid og Hjelle, før vi avsluttar turneen på Stårheim og på Flatraket, seier han.

Grunnen til at det blei Stad denne gangen, heng saman med kommunen sitt fokus på trafikktryggleik.

– Det er Trygg Trafikk Vestland som har engasjert oss, og det er fordi Stad kommune har jobba bra når det gjeld dette i sin kommune. Så vi er på mange måtar ei gåve til kommune, avsluttar han.



På bakerste rad i bussen er det lett å finne på sprell. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**



Slik som å blåse såpebobler utover dei andre passasjerane. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**



Men då får ein fort kjeft frå bussjåføren som blir forstyrra på jobb. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**



Ekteparet har heldt det gåande med denne typen oppsettingar sidan 1997. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**



Kva betyr dette skiltet? FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS



Det kunne mange av ungane svaret på. FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS



Før ungane gjekk tilbake til klasseromma sine fekk dei utdelt refleksar av Reidar Kjøde i NAF Nordfjord som også var til stades på oppsettinga. **FOTO: BJØRN ERIK DRABLØS**